



HAREID BARNEHAGE

VERKSEMDSPLAN FOR BARNEHAGEÅRET 2022/23

Venn i hjertet

*Eg smiler inni hjertet mitt, når eg ser deg.
Eg blir så glad og trygg, når du er nær.
Eg har det aller best, når vi er saman.
Vil at du skal vere her.*

*For vi er verdens aller beste venner,
Og eg kan halde fast i handa di.
Vi kan dele alle hemmelegheiter.
Så fint at du er vennen min.*

(Pulverheksa)


Innhald

Velkomen til Hareid barnehage	2
Visjon	4
Kva er ein verksemdplan?	5
Samfunnsmandat	6
Verdigrunnlaget til Hareid barnehage	6
Samarbeid mellom barnehage og heimen.....	11
Inkluderande barnehage og skulemiljø	12
Autoritativ leiing.....	15
Formålet med og innhaldet i barnehagen.....	17
Korleis arbeidar vi med fagområda?.....	22
Barnehagen som pedagogisk verksemd	33



Velkomen til Hareid barnehage

Reina 2, 6060 Hareid



- Barnehagen ligg sentralt i Hareid, vi har kort veg til gode turmål. mellom anna til ferjekaien, sentrum, biblioteket, butikkar, leikeplassar, skog og fjell.
- I vår barnehage tek vi imot barn frå alle krinsane i Hareid kommune.
- Hareid barnehage har to avdelingar. Avdeling Tusenfryd med barn frå 0-3 år, og avdeling Blåkklokke med barn frå 3-6 år.
- Barnehagen er open frå 6.45-17.00.
- Dei kommunale barnehagane samarbeider om felles ferieopen barnehage, det gjeld jul, påske og 4 veker om sommaren.

Kontaktinformasjon:

Berit Liaset, einingsleiar/styrar: 909 59 124

Epost: berit.liaset@hareid.kommune.no

Avdeling Tusenfryd: 948 09 467

Avdeling Blåkklokke: 948 09 727



HAREID BARNEHAGE



God plass for liten og stor,
der venskap gror

Visjon

Kan du sjå haren? Han har lange øyrer, er varm og god, har eit vakent blikk, er lyttande, nysgjerrig, livleg, imøtekomande og han har eit vennleg smil på lur. Dette symboliserer verdiane til oss vaksne som arbeider i barnehagen.

Du som barn i Hareid barnehage møter vaksne med auge og øyre for dine signal og behov. Du får oppleve små grupper med gode leikekameratar. Leiken er den viktigaste drivkrafta i barna si utvikling, og difor har leiken ein stor plass i kvardagen i barnehagen vår. Du som barn skal oppleve vaksne som møter deg i leiken i eit likeverdig sampel. Slik er leiken grunnlaget for læringsmiljøet i barnehagen.

Kva er ein verksemdplan?

Verksemdplanen saman med utviklingsplanen og informasjonsheftet erstattar tidlegare årsplanar. Det er desse dokumenta som skal vise foreldra/føresette, politikarar og administrasjonen i Hareid konkret korleis vi i vår barnehage arbeider med dei vedtekne satsingsområda.

Verksemdplanen for Hareid barnehage bygger på hovudlinjene i:

«Kvalitetsplanen for god oppvekst i Hareid – læring og omsorg»

«utviklingsplan for Hareid barnehage 2021-2022».

Barnehagelova (Kunnskapsdepartementet, 2022) og rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Utdanningsdirektoratet, 2017).

«**Kvalitetsplanen** for god oppvekst i Hareid» er utarbeidd i eit samarbeid mellom barnehagane og skulane i Hareid, foreldre/føresette sine representantar, helsestasjonen i Hareid, den interkommunale Barnevernstenesta og Pedagogisk Psykologisk Teneste for Ulstein og Hareid. Planen er politisk forankra og vedteken i kommunestyret juni 2016.

«Det er ei overordna målsetting for alle instansane i kommunen å arbeide førebyggjande og heilskapleg med barn i oppvekstmiljøet.»

Dei vedtekne satsingsområda i perioden 2016-2020 er:

- LÆRINGSMILJØ
- TIDLEG INNSATS
- SAMARBEID HEIM – BARNEHAGE/SKULE
- TVERRFAGLEG SAMARBEID

«**Utviklingsplan** for Hareid barnehage 2021-2022», viser mål og tiltak for satsingsområda som personalet skal arbeide etter.

Samfunnsmandat

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnet sitt behov for omsorg, leik, læring og danning. Og dette skal vere grunnlaget for å gi barnet gode utviklingsmoglegheiter. Dette vil seie at barnet sjølv skal oppleve kvardagen sin som trygg og meiningsfull med rom for både medverknad, meistring, læring, kvile og glede gjennom leik (udir, 2017).

Verdigrunnlaget til Hareid barnehage

Sampel i relasjonar, leik og naturen

I barnehagen skal barna vere ein del av eit trygt fellesskap. Her skal dei erfare i samspel med andre og utvikle sosial kompetanse. Barn har behov for å bli sett, høyrd og bekrefta. Barn har behov for å inngå i stimulerande samspel for å utvikle seg optimalt. Samspel føregår i omsorgssituasjonar, leik og læringssituasjonar, med andre ord i alle daglege situasjonar i barnehagen.

Barn lærer å samhandle med andre gjennom enkeltopplevingar, utprøvingar og erfaringar.

Merksemd frå kompetente, varme, tilstadeverande vaksne er ein føresetnad for barns trivsel i barnehagen. Måten den vaksne svarer og bekreftar barnet på, er avgjerande for korleis barnet opplever seg sjølv. Kvaliteten på samspelet mellom vaksen og barn har stor betydning. Personalet skal legge til rette for det daglege omsorgsarbeidet og kvardagsrutinane slik at dette blir til gode opplevingar for enkeltbarnet.

Ein tilstadeverande vaksen tek på alvor det barnet bringer inn, byggjer vidare på det saman med barnet og utfordrar deretter barnet slik at handlingsrommet blir breiare og meistringsmoglegheitene fleire.

Møter jeg et barn, så møter jeg et menneske.

- Anne-Cath Vestly



Samspel er ein verdi i seg sjølv og kjem til uttrykk i handlingar mellom to eller fleire personar og skal prege alle møte gjennom barnehagedagen. Vi har to brukargrupper av barnehagen, det er barna og dei vaksne (personalet og dei føresette).

Barnehagen sitt barnesyn.

I Hareid barnehage legg vi til rette for at barna skal få oppleve, undre og utforske i glede saman med andre

- Vi ser på barna som medmenneske.
- Alle barna skal bli sett, høyrd og bekrefta
- Vi gir rom for at barna får danne kjekke fellesopplevingar fylt med humor og glede.
- Vi gir rom for at barna får utfalde interessene sine.
- Vi legg til rette for eit inkluderande leikemiljø, som legg til rette for vennskap, den gode leiken og læring gjennom leik.
- Vi legg til rette for at barna får utvikle seg i eit stimulerande samspel med andre barn og vaksne, der vi legg til rette for den gode samtalen i leiken og språkstimulering i barnehagekvardagen.

Barnehagen sitt syn på vaksenrolla

I Hareid barnehage møter barna kompetente, varme, tilstadeverande vaksne som har fokus på det gode samspelet, slik at barna lærer å samhandle med andre gjennom enkeltopplevingar, utprøvingar og erfaringar.

- Den vaksne legg aktivt til rette for å utvikle omsorgsfulle relasjonar mellom barn-vaksen og barn-barn, som grunnlag for glede, trivsel og vennskap.
- Den vaksne er alltid den ansvarlege for kvaliteten på samhandlinga.
- Den vaksne anerkjenner alle barn for akkurat den dei er.
- Vaksne skal vere delaktige i leiken og aktivt deltakande i samtalan med barna, samt delta i undring og utforsking saman med dei.
- Den vaksne støttar og motivera barna til å oppnå meistring.
- Den vaksne skal vere god språkmodell for barna, og legge til rette for eit variert og stimulerande språkmiljø.



I barnehageåret 2022/2023 skal Hareid barnehage ha ekstra fokus på desse tre verdiområda:

Samspel i relasjonar

For oss betyr dette:

- Vaksne skal sjå, lytte og lese behova til kvart enkeltbarn, samt motivere og stimulere dei til meistring ut frå si utvikling og behov.
- Barn og vaksne saman i eit god og trygt barnehagemiljø.
- Eit stimulerande samspel med fokus på barn si utvikling av sosial kompetanse.

Slik vil vi gjere det:

- Vaksne som tonar seg inn på enkeltbarn si utvikling og behov og møte dei på ein anerkjennande måte.
- Vaksne som aktivt tek kontakt med barna.
- Vaksne som er tilstade og som bygg gode relasjonar.
- Vaksne som legg til rette for humor og glede i barnehagekvardagen.
- Trygge vaksne som er omsorgsfulle, varme og som set ord på kjensler.
- Vaksne som ser kvart enkelt barn og lyttar til meiningane det har.



Samspel i leik

For oss betyr det:

- Eit inkluderande leikemiljø som gir grobottn til utvikling av vennskap.
- Vaksne som er delaktige og støttande i leiken til barna.
- Leik som arena for læring

Slik vil vi gjere det:

- Vaksne som er delaktige i leiken.
- Vaksne som er støttande og inkluderande i leiken.
- Vaksne som legg til rette for at barna får utfalde interessene sine og utforskartrangen sin.
- Vaksne som legg til rette for kjekke fellesopplevingar.
- Vaksne som legg til rette for eit variert og inkluderande leikemiljø der barna får utfalde og utvikle den gode leiken saman.
- Vaksne som legg til rette for læring i lystbetont leik.
- Vaksne som er aktive spåkmodellar, og som legg til rette for eit variert og stimulerande språkmiljø.
- Vaksne som legg til rette for den gode samtalen i leiken, og som aktivt deltek i desse samtalanene med barna.



Samspel i naturen

For oss betyr det:

- Vaksne som er med å oppdage verda saman med barna
- Vaksne som har gode verdiar og haldningar til berekraftig utvikling.
- Eit leikemiljø som innbyr til rørsleglede, motorisk utvikling og språkstimulering.

Slik vil vi gjere det:

- Vaksne som er undrande og utforskande saman med barna, og som sett ord på det vi opplev og undrar oss over i naturen.
- Vaksne som legg til rette for kjekke naturopplevingar året rundt.
- Vaksne som gir barna moglegheit til å bli kjend med naturens mangfald.
- Vaksne som legg til rette for at barna kan få kunnskap om berekraftig utvikling og lære å ta vare på naturen.
- Vaksne med gode verdiar og haldningar til miljø.
- Vaksne som legg til rette for rørsleglede i naturen.



Samarbeid mellom barnehage og heim

Barnehagen skal ivareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnet sitt beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet og vere i god dialog med foreldra.

Barnehagen skal legge til rette for at foreldra og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytte til helsa, trivselen, erfaringane, utviklinga og læringa til det enkelte barnet. Barnehagen skal grunngi vurderingane sine overfor foreldra og ta omsyn til kva foreldra meiner. Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Både foreldra og personalet må ta inn over seg at barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag. Det er barnehagen si oppgåve å forvalte dette, og at barnehagen er ei pedagogisk verksemd med krav om innhald og tilrettelegging.

I det pedagogiske arbeidet skal personalet i barnehagen skape trygge rammer og ein trygg forutsigbar kvardag for alle barna i barnehagen, slik at barna skal bli trygge i seg sjølv og oppleve at dei er unike og viktige i eit større fellesskap. Personalet skal bygge på positiv relasjonsbygging, der dei er delaktige i leiken og tett på for å ivareta det enkelte barnet sine behov for å utvikle seg individuelt og føle tilhøyrslse i fellesskapet. Barnet vil møte vaksne som anerkjenn dei for den dei er, for alle kjenslene det har og for alle meiningane det har.

Barnehagelova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Rammeplan: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan>

*Det er heimen som har ansvar
for barnet si oppseding.
Barnehagen skal vere ein
samspelspart i støtte med
denne danninga.*



Inkluderande barnehage og skulemiljø

1. januar 2021 kom eit nytt regelverk for barnehagemiljøet. Den nye lova skal sørge for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Barnehagane, skulane og kommunen generelt har styrka kompetansen innan for dette feltet for å skape og oppretthalde gode barnehage- og skulemiljø, samt førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkelsar.

Barnehagen skal ha høg kvalitet som skal fremje trivsel, leik og læring. Eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø utan mobbing og andre krenkelsar er ein føresetnad for leik, læring og utvikling. Barnehagen skal jobbe for å forebygge mobbing, og skape et godt miljø der barna trivast. Dei vaksne må hjelpe barna til å ta vare på kvarandre. Og dei har ei plikt til å følge med på korleis alle barna i barnehagen vår har det. Den vaksne skal gripe inn om barn utsettast for krenkelsar. Dette kan for eksempel vere utestenging frå leik, plaging, mobbing, vald eller diskriminering.

Relasjonar og samspel mellom dei vaksne har stor betydning for det psykososiale miljøet i barnehagen. Trygge vaksne i eit inkluderande arbeidsmiljø bidreg til varme i miljøet rundt. I eit godt inkluderande barnehagemiljø er det vaksne som samarbeider tett og tek felles ansvar. Her snakkar vi saman om verdiar som vi skal handle ut frå, og har drøfta fram felles haldningar å arbeide etter.

Målsetting for eit godt inkluderande barnehage- og skulemiljø.

- Utvikle og oppretthalde gode og trygge barnehage- og skulemiljø der alle barn og unge trivst og opplever å høyre til.
- Førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar.
- Organisasjon og leiing, regelverkskompetanse og tverrfagleg samarbeid.



Målsetting for eit godt inkluderande barnehage- og skulemiljø i Hareid barnehage.

Gjennom IBSM vil vi skape eit trygt og godt barnehagemiljø der barna trivast og utviklar seg i samspel med andre.

- Utvikle, støtte og styrke tilsette som autoritative vaksne.
- Vaksne som byggjer gode relasjonar og legg til rette for kjekke fellesopplevingar.
- Utvikle, støtte og styrke tilsette i leik og samspel med barna, slik at barna har eit godt miljø å lære og å utvikle seg i.
- Utvikle og støtte tilsette i profesjonsrolla, med ny fagkunnskap og kompetanse om leik og sosialkompetanse.

Føremålet med å vidareutvikle oppvekstsektoren i Hareid som lærande organisasjon er å få ein betre barnehage og skule med einingar med kjerne-oppgåva: – å gje ei god og tilpassa opplæring og danning for alle barna/elevane i Hareid kommune.

-Kvalitetsplan for god oppvekst i Hareid kommune

Overgang skule-barnehage

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen utvekslar kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen (Ud, 2017).

Dei eldste barna skal få høve til å glede seg til å starte på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å starte på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.



Avslutningsdikt

*No når dine dagar i
Hareid barnehage er
omme, så får du eit hjerte
du kan ha i di lomme.
Om dagen kanskje blir litt
trist og lei, klem godt på
hjertet og husk at vi er
glad i deg.*



Førskuletilbodet til Hareid barnehage

Barnehagen arbeider etter ein felles kommunal plan om overgang barnehage-skule. Når førskuleåret startar får alle førskulebarna kvar si førskulebok, Trampoline. Denne boka har tema og oppgåver innan for fagområda språk, tekst og kommunikasjon og mengd, rom og form, og oppgåvene er ein del av det pedagogiske arbeidet med å gjere førskulebarna klar til oppgåver dei seinare vil møte i skulen. Dei ulike tema frå Trampolineboka dreg vi med oss i leiken, slik at barna også får lære om dei i leiken. Vi brukar å ta turar til barneskulen i nærmiljøet, dette gjer vi for at førskulebarna skal bli kjent med eit skuleområdet, leikeapparata som er der og elevane som går på skulen. På vårparten brukar ein helsesjukepleiar å kome til barnehagen.

Førskulebarna får og delta på nokre utflukter dette året. Barna får sjå musikal på Sjøborg, samt ein tur til Hakallegarden for alle førskulebarna i dei kommunale barnehagane. Dette er utflukter som gir barna kjekke opplevingar og mange spennande inntrykk. Rundt februar blir barna innkalla til førskuledagar til den skulekrinsen dei høyrer til, samt eit besøk på skulen i mai. For å markere at barnehagetida går mot slutten, har vi russefeiring. Då får alle førskulebarna ei rosa russelue, vi har russedåp og barna får kjekke fellesopplevingar når russeknutane skal gjennomførast. Barna får og ei gåve frå barnehagen som vi brukar å dele ut på sommarfesten.



Autoritativ leiing

Den autoritative leiarstilen legg vekt på positiv relasjonsbygging og grensesetting. Det å inngå i trygge og omsorgsfulle relasjonar med vaksne i barnehagen er svært viktig for alle barn. Dei treng vaksne som er stabile og konsekvente og som hjelp dei med å organisere og sette ord på kjenslene sine. Barna treng stabile og omsorgsfulle vaksne som er sensitive og tett på og som kan støtte og trøyste når ting er vanskeleg. Dei vaksne har klare forventningar og følger opp barnet på ein tydeleg og varm måte når det gjeld grenser og normer. Den autoritative vaksne har og evne til å balansere mellom dynamikken mellom relasjonar og krav; Mange krav og grenser krev tilsvarande med relasjonar. *Grenser er ikkje kjefting, men læring.* Barna treng også vaksne som legg til rette for opplevingar av meistring og som evner å dele deira begeistring. Desse sensitive og varme relasjonane er ikkje berre avgjerande for barn sin tryggleik og helse, det finstemte samspelet mellom barnet og den vaksne er med på å danne grunnlaget for barnet si kognitive utvikling. Alle barn har eit grunnleggande behov for å bli sett, høyrte og bekrefta av dei vaksne som dei møter rundt seg. Måten dei vaksne svarer og bekreftar barnet på, er avgjerande for korleis barnet opplever seg sjølv.

I vår barnehage vil du som barn møte vaksne som:

- Er varme og omsorgsfulle, og som er opptatt av akkurat deg og dine interesser.
- Er opptatt av at du skal oppleve ein trygg barnehagekvardag med mykje kjærleik, omsorg og respekt.
- Legg til rette for små barnegrupper tilpassa alder og utvikling, slik du kan få leike og utvikle deg ut frå dine behov og utviklingsnivå.
- Er delaktige i leiken din og er opptatt av at du skal ha gode leike- og turopplevingar saman med dei andre barna.
- Inkluderer humor og glede i barnehagekvardagen din.
- Kjenner deg godt og som har kunnskap om barn si utvikling og born si sosial kompetanse og leikekompetanse.
- Veit at gode opplevingar i barndommen dannar grunnlaget for at du får eit godt liv.
- Veit at trygge barn lærer og utviklar seg gjennom leik, glede og omsorg.

Barnet ditt vil møte autoritative voksne når det kjem til barnehagen, i lek, under måltid, ved påkledning og i alle situasjonar gjennom barnehagedagen. Hos oss vil de møte tydelege voksne som gir barna forutsigbarhet og struktur, slik barna veit kva dei har å forhalde seg til. Jo betre relasjon den voksne har til barna, dess tryggare blir dei på oss. Når denne gode og positive relasjonen har oppstått, vil barna kunne oppleve trivsel og glede i barnehagekvardagen. Det vil gjere dei mottakelege for dei tydelege og viktige grensene som dei voksne set for å rettleie og utvikle barnet i samspel med andre barn. Vi er derfor voksne som ønsker å sjå kvart enkelt barn. Vi ønsker å anerkjenne barna for den dei er, for alle kjenslene dei har og for alle meningane dei har. Alle barn treng å møte voksne som bryr seg, bekreftar og rettleiar på ein god måte; voksne som let barnet ditt får vere med på å sette preg på barnehagekvardagen, der det får medverke i enkelte gjeremål gjennom dagen. Dette er med på å styrke sjølvtiliten til barnet. Barn som er trygge og opplev forutsigbarhet i kvardagen, har betre føresetnad for å ta til seg læring enn andre barn som ikkje har fått denne moglegheita. Når dei veit kva dei har å forhalde seg til, har dei betre føresetnader for å utvikle seg på ein best mogeleg måte. Trygge rammer og struktur skaper meir positiv åtferd hos barna, og dei slepp å bruke tid og energi på å vere usikre på kva forventningar som vert krevd av dei. Voksne som ser dei, støtter dei og legg til rette for eit godt miljø for barna i barnehagen er avgjerande for korleis dei møter verda seinare i livet.



Formålet med og innhaldet i barnehagen

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei vaksne i barnehagen skal arbeide heilheitleg med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk, og samla så skal det bidra til ei allsidige utviklinga hos barna. Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er medskaparar av sin eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede. Det fysiske miljøet i barnehagen skal vere trygt og utfordrande og gi barna allsidige rørsleerfaringar, samt vere lagt til rette slik at alle barn får høve til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar (Ud, 2017).



Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. Og alle barn skal oppleve at dei blir sett, forstått og respektert, og få den hjelpa og støtta dei har behov for (Ud, 2017).

Slik vil vi gjere det:

- Vi møter barna og foreldra i hente og bringesituasjonen på ein autoritativ måte.
- Vi er sensitive på kvart enkelt barn sine behov.
- Vi legg til rette for aktivitetar som fremmar trygghet og trivsel.
- Vi er opptatt av at kvart enkelt barn skal få oppleve å vere i eit trygt og godt barnehagemiljø gjennom heile dagen.



Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Og alle barn skal oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik (Ud, 2017).

Slik vil vi gjere det:

- Vi inspirera og gir rom for ulike typar leik, både ute og inne.
- Vi ser på leiken som viktig, og har vaksne som deltek i leiken på barna sine premiss.
- Vi vaksne er oppdatert fagleg på leike kompetanse.



Barnehagen skal fremje danning

Barnehagen skal fremje samhold og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsettast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen. Og barna skal få delta i avgjerdsprosessar, samt vere med på å utvikle felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av (Ud, 2017).

Slik vil vi gjere det:

- Vi anerkjenn ulikskapane i barnegruppa og fremjar det kulturelle mangfaldet.
- Vi er ein Livsgledebarnehage, og vi har eit tett samarbeid med Hadartun.
- Vi held fast på lokale og nasjonale tradisjonar og markeringar.
- Våre pedagogiske planar tek utgangspunkt i barna sine interesser.
- Vi gir rom for barna si undring gjennom heile barnehagedagen, samt vi verdsett den frie leiken.



Barnehagen skal fremje læring

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøke, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine (Ud, 2017).

Slik vil vi gjere det:

- Vi legg til rette for læring gjennom lystbetont leik.
- Vi vaksne undrar oss og utforskar saman med barna.
- I Hareid barnehage har vi kompetente vaksne som er oppdatert på barn si utvikling.
- Vi tilpassar læring etter alder og utvikling, samt tilfører nye element i læringa ved behov.



Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap (Ud, 2017).

Slik vil vi gjere det:

- Vi legg til rette for aktivitetar og leikemiljø som fremmar inkludering, vennskap og fellesskap.
- Vi vaksne er opptatt av å delta i kjekke felles opplevingar saman med barna.
- Vi vaksne er tett på barna, og støtter barna i kommunikasjon, positive samhandlingar og konflikthandteringar.
- Vi er opptatt av at det enkelte barn blir sett og høyrte, og at barnet får sette sitt preg på fellesskapet.



Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremmar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling (Ud, 2017).

Slik vil vi gjere det:

- I barnehagen vår møter du vaksne som har kompetanse om språkutviklinga til barn.
- Vi arbeider aktivt for å ha eit godt språkmiljø, som inviterer barna til å leike med språk og delta i språklege samspel med andre barn og vaksne.
- I barnehagen vår legg vi til rette for at barna får bli kjent med tekst og litteratur gjennom høgtlesing, fortellingar, song, rim og regle.
- Vi brukar konkrete og visuelle for å støtte språket og språkforståinga til barna.
- Dei vaksne er gode språkmodellar og brukar språket bevisst i alle samanhengar i barnehagekvardagen.



Barn sin medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gi uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine egne vilkår (Ud, 2017).


Slik får barna medverke i vår barnehage:



- Vi vaksne skal vere tett på og lese barna sine uttrykk i forhold til korleis barna opplever barnehagedagen, for å sikre barn sin medverknad.
- Vi har barnet som subjekt i fokus, det vil sei at vi ser på barnet som eit kompetent individ med egne meininga, tankar og kjensler som må anerkjennast og lyttast til.
- Vi vaksne er årvakne og fangar opp både det verbale og kroppslege språket til barna.
- Vi vaksne legg til rette for leik, aktivitetar og opplevingar med utgangspunkt i barna sine interesser, undring, opplevingar. og lyttar til kva dei er opptatt av og uttrykker til kvarandre og til oss vaksne.
- Vi verdsett dei gode samtalanene med barna om kva dei har gjort og tenker på, og ser på den gode samtalen som sentral for evaluering og vidare utvikling av det pedagogiske arbeidet vårt i barnehagen.






Korleis arbeidar vi med fagområda?

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremme trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen til barna. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar (Ud, 2017).

Fagområder	0-1 år	2-3 år	3-4 år	5-6 år
 <p>Kommunikasjon, språk og tekst</p> <p>Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer (Ud, 2017).</p>	<p>Personalet bruker songar, rim og regle aktivt saman med barna.</p> <p>Barna får varierte og rike erfaringar med språket i leiken.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får danne førstehandserfaringar gjennom sansing og rørsle for å utvikle språket til barna.</p> <p>Barna får kjennskap til litteratur gjennom peikebøker og sansebøker.</p>	<p>Personalet bruker songar, rim og regle aktivt saman med barna.</p> <p>Barna får kjennskap til litteratur gjennom forteljing, dramatisering, peikebøker og sansebøker.</p> <p>Personalet bruker visuell støtte og konkretar, og rørsle for å utvikle språket til barna.</p> <p>Barna får kjennskap til litteratur gjennom peikebøker, sansebøker og høgtlesing.</p>	<p>Personalet les mykje for barna, samtalar og undrast saman med barna.</p> <p>Gjennom arbeidet med språk vil barnehagen kunne bidra til at barna får uttrykkje meiningar, erfaringar, kjensler og tankar på ulike måtar.</p> <p>Barna får kjennskap til språk, og bruke språk til å skape relasjonar og delta i leik.</p> <p>Personalet leser bøker og fortel eventyr med bruk av</p>	<p>Personalet legger til rette for leikeskriving og leikelesing.</p> <p>Barna leikar med bokstaver, lyder og tal. Barna får kjennskap til alfabetet, ordbilete, rim og regler.</p> <p>Barna får kjennskap til sine eigne bokstavar og øver på å skrive namnet sitt.</p> <p>Barna får kjennskap til språk, og bruke språk til å skape relasjonar og delta i leik.</p> <p>Personalet leser bøker og fortel eventyr med bruk av</p>



	<p>Personalet legg til rette for kjekke fellesopplevingar og støtter barna i å uttrykke kjensler.</p> <p>Personalet er gode språkmodellar og deltar aktivt med ord, mimikk og kroppsspråk i kommunikasjonen med barna.</p>	<p>Personalet legg til rette for kjekke fellesopplevingar og støtter barna i kommunikasjonen og å uttrykke kjensler.</p> <p>Personalet er gode språkmodellar og deltar aktivt med ord, mimikk og kroppsspråk i kommunikasjonen med barna.</p>	<p>konkretar for å støtte barna si utvikling av omgrep.</p> <p>Personalet skal oppmuntre barna til å sette ord på følelsane og meiningane sine.</p> <p>Personalet har fokus på den gode samtalen med barna. Dette er med på å hjelpe barna til å meistre konfliktløsning, danne vennskap og vere ein del av fellesskapet.</p>	<p>konkretar for å støtte barna si utvikling av omgrep.</p> <p>Personalet skal oppmuntre barna til å sette ord på følelsane og meiningane sine.</p> <p>Personalet har fokus på den gode samtalen med barna. Dette er med på å hjelpe barna til å meistre konfliktløsning, danne vennskap og vere ein del av fellesskapet.</p>
 <p>Kropp, rørsle, mat og helse Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Gjennom arbeid med</p>	<p>Personalet legg til rette for leik og aktivitetar inne og ute der barna får utfalde grunnrørslene sine som er å gå, krabbe, klatre, rulle, åle, hoppe, springe og snurre.</p> <p>Personalet motiverar og støttar, slik at barna føler meistring og får utvikle seg grovmotorisk.</p>	<p>Personalet legg til rette for leik og aktivitetar inne og ute der barna får utfalde grunnrørslene sine som er å gå, krabbe, klatre, rulle, åle, hoppe, springe og snurre.</p> <p>Barna får utfalde den risikofylte leiken sin i trygge omgivnader.</p>	<p>Personalet legg til rette for leik og aktivitetar inne og ute der barna får utfalde rørsleglede, samt utvikle grovmotorikken sin. Barna får utfordra seg ved å klatre, balansere, hoppe, hinke og springe.</p> <p>Personalet legg til rette for motoriske miljø der barna får oppleve trivsel, glede og</p>	<p>Personalet legg til rette for leik og aktivitetar inne og ute der barna får utfalde rørsleglede, samt utvikle grovmotorikken sin. Barna får utfordra seg ved å klatre, balansere, hoppe, hinke og springe.</p> <p>Personalet legg til rette for motoriske miljø der barna får oppleve trivsel, glede og</p>

<p>fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt (Ud, 2017).</p> 	<p>Personalet legg til rette for at barna får erfare gjennom sansing.</p> <p>Barna har vaksne som er aktiv deltakande i rørsleleiken deira.</p> <p>Barna får servert mat som er sunn og allsidig.</p> <p>Personalet legg til rette for fellesskap i måltida, der barn og vaksne samtalar saman.</p> <p>Barna får ta del i matlaging, der barna får sanse og oppleve matglede.</p>	<p>Personalet motiverar og støttar, slik at barna føler meistring får utvikle seg grovmotorisk.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får erfare gjennom sansing.</p> <p>Barna har vaksne som er aktiv deltakande i rørsleleiken deira, og som tilfører nye element i leiken.</p> <p>Barna får servert mat som er sunn og allsidig.</p> <p>Personalet gir rom og støtte for at barna skal få oppleve meistring under måltida.</p> <p>Personalet legg til rette for fellesskap i måltida, der barn og vaksne samtalar saman.</p>	<p>meistring ved allsidig rørslerfaring inne og ute, året rundt.</p> <p>Personalet legg til rette for aktivitetar der barna får utfalde finmotorikken sin.</p> <p>Barna får servert mat som er sunn og allsidig.</p> <p>Personalet legg til rette for fellesskap i måltida, der barn og vaksne samtalar saman.</p> <p>Barna får ta del i matlaging, der dei får sanse, utvikle omgrepa knytt til matlaging og oppleve matglede</p> <p>Barna utviklar forståing og respekt for sin eigen og andre sin kropp og at alle er forskjellige.</p>	<p>meistring ved allsidig rørslerfaring inne og ute, året rundt.</p> <p>Personalet legg til rette for aktivitetar der barna får utfalde finmotorikken sin.</p> <p>Barna får servert mat som er sunn og allsidig.</p> <p>Personalet legg til rette for fellesskap i måltida, der barn og vaksne samtalar saman.</p> <p>Barna får ta del i matlaging, der dei får sanse, utvikle omgrepa knytt til matlaging og oppleve matglede</p> <p>Barna utviklar forståing og respekt for sin eigen og andre sin kropp og at alle er forskjellige.</p>
---	---	---	--	--

		Barna får ta del i matlaging, der barna får sanse og oppleve matglede.	Barna lærer seg gode rutinar i forhold til handvask og personleg hygiene.	Barna lærer seg gode rutinar i forhold til handvask og personleg hygiene.
 <p>Kunst, kultur og kreativitet</p> <p>Barna skal støttast i å vere aktive og skape egne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrslse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk.</p> <p>Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn (Ud, 2017).</p> 	<p>Barna får kjennskap til ulike formingsmateriell og naturmateriell.</p> <p>Barna får utfalde fantasien og skapargleda si gjennom formingsaktivitetar og estetiske opplevingar.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får kjennskap til og opplev glede i musikk og dans.</p> <p>Barna får danne førstehandserfaringar med konkretane i eventyr.</p>	<p>Barna får kjennskap til ulike formingsmateriell og naturmateriell.</p> <p>Barna får utfalde fantasien og skapargleda si gjennom formingsaktivitetar og estetiske opplevingar.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får kjennskap til og opplev glede i musikk, dans og dramatisering.</p> <p>Barna får danne førstehandserfaringar med konkretane i eventyr, og gir rom for at barna sjølv kan utfalde seg estetisk.</p>	<p>Vi har formingsaktiviteter knytt til månadens tema, og barna blir kjende med ulike typar formingsmateriale og naturmateriale</p> <p>Barna får utfalde fantasien og skapargleda si gjennom formingsaktivitetar og estetiske opplevingar.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får kjennskap til og opplev glede i musikk, dans og dramatisering.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får mogleheit til å danne eit grunnlag for deltaking, tilhøyrslse og skaparglede.</p>	<p>Vi har formingsaktiviteter knytt til månadens tema, og barna blir kjende med ulike typar formingsmateriale og naturmateriale.</p> <p>Barna får utfalde fantasien og skapargleda si gjennom formingsaktivitetar og estetiske opplevingar.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får kjennskap til og opplev glede i musikk, dans og dramatisering.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får moglegheit til å danne eit grunnlag for deltaking, tilhøyrslse og skaparglede.</p>

				Barna får ta del i ulike kulturarrangement, blant anna musikalframvisning
 <p>Natur, miljø og teknologi Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar i alle årstider, og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskapelege fenomen, føle tilhøyrslse til naturen. Samt bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremmar berekraftig utvikling (Ud, 2017).</p>	<p>Personalet legg til rette for kjekke fellesopplevingar i naturen.</p> <p>Personalet gir rom for at barna får sanse, utforske og undre seg i naturen og over naturfenomen.</p> <p>Barna får oppleve naturen sitt mangfald gjennom alle årstidene. Og glede i samhandling saman med dyr og småkryp.</p> <p>Barna får sanse og undre seg over ulike naturmateriell,</p>	<p>Personalet legg til rette for kjekke fellesopplevingar i naturen.</p> <p>Personalet gir rom for at barna får sanse, utforske og undre seg i naturen og over naturfenomen. Og let barna delta i fysikkeksperiment.</p> <p>Barna får utfordra balansen og grovmotorikken med å ferdast i ulendt terreng.</p> <p>Barna får oppleve naturen sitt mangfald gjennom alle årstidene. Og glede i samhandling saman med dyr og småkryp.</p> <p>Barna får sanse og undre seg over ulike naturmateriell,</p>	<p>Personalet legg til rette for kjekke fellesopplevingar og leik i naturen året rundt.</p> <p>Barna undrar seg over endringar i naturen og kva slags betydning dette har for oss. Som for eksempel lys, mørke, kulde og varme.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får undre seg over og utforske naturen og dyremangfaldet som finst. Samt legg til rette for at barna utviklar gode haldningar der dei respekterer og tek vare på naturen.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna skal få kjennskap til</p>	<p>Personalet legg til rette for kjekke fellesopplevingar og leik i naturen året rundt.</p> <p>Barna undrar seg over endringar i naturen og kva slags betydning dette har for oss. Som for eksempel lys, mørke, kulde og varme.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får undre seg over og utforske naturen og dyremangfaldet som finst. Samt legg til rette for at barna utviklar gode haldningar der dei respekterer og tek vare på naturen.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna skal få kjennskap til</p>

		<p>samt danne førstehandserfaringar med naturen.</p>	<p>berekraftig utvikling, samt legg til rette for at barna får kjennskap til kjeldesortering og dyrking av kjende grønsaker.</p> <p>Barna får ta del i utforsking og utprøving av eksperiment med naturvitskaplege fenomen.</p> <p>Barna får kjennskap til dei mest vanlege artane i naturen.</p>	<p>berekraftig utvikling, samt legg til rette for at barna får kjennskap til kjeldesortering og dyrking av kjende grønsaker.</p> <p>Barna får ta del i utforsking og utprøving av eksperiment med naturvitskaplege fenomen.</p> <p>Barna får kjennskap til dei mest vanlege artane i naturen.</p>
 <p>Mengd, rom og form</p> <p>Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og</p>	<p>Barna får kjennskap til ulike geometriske former og fargar.</p> <p>Barna får sansse og undre seg over matematiske samanhengar.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna kan få bruke kroppen</p>	<p>Barna får kjennskap til ulike geometriske former, parkobling, fargar, sortering og enkle matematiske omgrep.</p> <p>Barna får sansse og undre seg over matematiske samanhengar.</p>	<p>Barna får kjennskap til talrekka 1 til 10 og talsymbola.</p> <p>Gjennom leik blir barna kjende med ulike geometriske former og fargar.</p> <p>Barna får kjennskap til romforståing.</p>	<p>Barna får kjennskap til talrekka 1 til 10 og talsymbola.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får leike med rekning og måling.</p> <p>Personalet bruka konkretar for å at barna skal få utvikle matematiske omgrep</p>

<p>skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrighet og motivasjon for problemløysing (Ud, 2017).</p> 	<p>og sansane sine i utvikling av romforståing.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får matematiske erfaringar i leik og aktivitetar.</p>	<p>Personalet legg til rette for at barna kan få bruke kroppen og sansane sine i utvikling av romforståing.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får matematiske erfaringar i leik og aktivitetar.</p> <p>Personalet gir rom for at barna skal få undre seg over matematiske fenomen. Samt styrke matematikkglede og interessa for matematiske samanhengar.</p>	<p>Personalet bruka konkretar for å at barna skal få utvikle matematiske omgrep.</p> <p>Barna får ta del i daglege gjeremål der dei får utfalde og utvikle tal og telleforståinga si.</p> <p>Personalet gir rom for at barna skal få undre seg over matematiske fenomen. Samt styrke matematikkglede og interessa for matematiske samanhengar.</p>	<p>Barna får kjennskap til sortering, ulike storleikar og symetri.</p> <p>Barna får ta del i daglege gjeremål der dei får utfalde og utvikle tal og telleforståinga si.</p> <p>Personalet legg til rette for aktivitetar der barna får kjennskap til parkobling.</p> <p>Personalet gir rom for at barna skal få undre seg over matematiske fenomen. Samt styrke matematikkglede og interessa for matematiske samanhengar.</p>
 <p>Etikk, religion og filosofi</p>	<p>Barna får kjennskap til dei kristne høgtidene jul og påske gjennom song, bilde, konkreta og fortelling.</p>	<p>Barna får kjennskap til dei kristne høgtidene jul og påske gjennom song, bilde, konkreta og forteljing.</p>	<p>Barna får kjennskap til dei kristne høgtidene jul og påske gjennom song, bilde, konkreta og fortelling.</p>	<p>Barna får kjennskap til dei kristne høgtidene jul og påske gjennom song, bilde, konkreta og fortelling.</p>

<p>Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljningar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske (Ud, 2017).</p> 	<p>Barna får kjennskap dei ulike religionane og kulturane som er representert i barnegruppa.</p> <p>Barna får kjennskap til barnehagen sine tradisjonar knytt til høgtider.</p> <p>Personalet legg til rette for leik og aktivitetar som fremmar fellesskapkjensla i gruppa.</p> <p>Barna får ta del i solidaritetsarbeid.</p>	<p>Barna får kjennskap dei ulike religionane og kulturane som er representert i barnegruppa.</p> <p>Barna får kjennskap til barnehagen sine tradisjonar knytt til høgtider.</p> <p>Personalet legg til rette for leik og aktivitetar som fremmar fellesskapkjensla i gruppa.</p> <p>Barna får ta del i solidaritetsarbeid.</p> <p>Personalet deltar saman med barna i samtale og undring om nytt liv.</p>	<p>Barna får kjennskap til barnehagen sine tradisjonar knytt til høgtider.</p> <p>Barna får kjennskap dei ulike religionane og kulturane som er representert i barnegruppa.</p> <p>Barna får kjennskap til likskapar og ulikskapar, respekt og anerkjenning gjennom gode samtalar med personalet.</p> <p>Personalet legg til rette for aktivitetar som fremmer mangfaldet og fellesskapkjensla i barnegruppa.</p> <p>Personalet hjelper barna å utvikle evner til å løyse konflikhtar på ein god måte.</p>	<p>Barna får kjennskap til barnehagen sine tradisjonar knytt til høgtider.</p> <p>Personalet legg til rette for at barna får utforske og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål.</p> <p>Barna får kjennskap dei ulike religionane og kulturane som er representert i barnegruppa.</p> <p>Barna får kjennskap til likskapar og ulikskapar, respekt og anerkjenning gjennom gode samtalar med personalet.</p> <p>Personalet legg til rette for aktivitetar som fremmer mangfaldet og fellesskapkjensla i barnegruppa.</p>
--	--	---	--	--

			<p>Personalet legg til rette for aktivitetar og leikemiljø der barna får dannar vennskap og vennerelasjonar med andre barn.</p> <p>Barna får ta del i solidaritetsarbeid.</p> <p>Personalet deltar saman med barna i samtale og undring om nytt liv.</p>	<p>Personalet hjelper barna å utvikle evner til å løyse konflikhtar på ein god måte.</p> <p>Personalet legg til rette for aktivitetar og leikemiljø der barna får dannar vennskap og vennerelasjonar med andre barn.</p> <p>Barna får ta del i solidaritetsarbeid.</p> <p>Personalet deltar saman med barna i samtale og undring om nytt liv.</p> <p>Barna utviklar metallisering, personalet legg til rette for gode samtalar der barna får forståing for at ord og handlingar kan ha betyding for korleis andre føler seg.</p>
--	--	--	--	--



Nærmiljø og samfunn

Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhørslse til nærmiljøet. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer (Ud, 2017).



Personalet legg til rette for turar der barna blir kjend med nærmiljøet til barnehagen.

Barna får kjennskap til lokale og nasjonale markeringar og får delta på desse i samsvar med barnehagen sine tradisjonar.

Barna får kjennskap til Noregs urfolk samefolket og kulturen deira gjennom song, mat, bileter, konkretar og film.

Personalet er bevisste på barna sine interesser, når dei legg til rette for leik og aktivitetar inne og ute.

Barna får kjennskap til brann og brannvern saman med Brannbamsen Bjørnis. Dette

Personalet legg til rette for turar der barna blir kjend med nærmiljøet til barnehagen.

Barna får kjennskap til lokale og nasjonale markeringar og får delta på desse i samsvar med barnehagen sine tradisjonar.

Barna får kjennskap til Noregs urfolk samefolket og kulturen deira gjennom song, mat, bileter, konkretar og film.

Personalet er bevisste på barna sine interesser, når dei legg til rette for leik og aktivitetar inne og ute.

Barna får kjennskap til brann og brannvern saman med Brannbamsen Bjørnis. Dette

Personalet legg til rette for turar der barna blir kjend med nærmiljøet til barnehagen.

Barna får kjennskap til lokale og nasjonale markeringar og får delta på desse i samsvar med barnehagen sine tradisjonar.

Barna får kjennskap til Noregs urfolk samefolket og kulturen deira gjennom song, mat, bileter, forteljing, song, konkretar og film.

Personalet er bevisste på barna sine interesser, når dei legg til rette for leik og aktivitetar inne og ute.

Personalet lyttar og ser det enkelte barn sine behov og legg til rette for at kvart barn

Personalet legg til rette for turar der barna blir kjend med nærmiljøet til barnehagen.

Barna får kjennskap til lokale og nasjonale markeringar og får delta på desse i samsvar med barnehagen sine tradisjonar.

Barna får kjennskap til Noregs urfolk samefolket og kulturen deira gjennom song, mat, bileter, forteljing, song, konkretar og film.

Personalet er bevisste på barna sine interesser, når dei legg til rette for leik og aktivitetar inne og ute.

Personalet lyttar og ser det enkelte barn sine behov og legg til rette for at kvart barn

	<p>er den nasjonale brannvernopplæring for barn i barnehagar.</p> <p>Personalet lyttar og ser det enkelte barn sine behov og legg til rette for at kvart barn blir inkludert i fellesskapet med sine individuelle føresetnader.</p>	<p>er den nasjonale brannvernopplæring for barn i barnehagar.</p> <p>Personalet lyttar og ser det enkelte barn sine behov og legg til rette for at kvart barn blir inkludert i fellesskapet med sine individuelle føresetnader.</p>	<p>blir inkludert i fellesskapet med sine individuelle føresetnader.</p> <p>Barna får kjennskap til nærmiljøet og samfunnet dei veks opp i.</p> <p>Barna får kjennskap til brann og brannvern saman med Brannbamsen Bjørnis. Dette er den nasjonale brannvernopplæring for barn i barnehagar.</p>	<p>blir inkludert i fellesskapet med sine individuelle føresetnader.</p> <p>Barna får kjennskap til nærmiljøet og samfunnet dei veks opp i.</p> <p>Barna får kjennskap til brann og brannvern saman med Brannbamsen Bjørnis. Dette er den nasjonale brannvernopplæring for barn i barnehagar.</p>
--	---	---	---	---



Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngeve i barnehagelova og rammeplanen.

Planlegging

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda. Planlegginga må vere basert på kunnskap om trivselen til barna og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Den skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre (Ud, 2017).

Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Det kan òg bidra til ein open diskusjon om formålet med, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. På denne måten kan personalet lære av eigen praksis og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd (Ud, 2017).

Dokumentasjon

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehage-myndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen (Ud, 2017).

Korleis dokumenterer vi i Hareid barnehage:

Dagen i dag

Skjemaet blir hengt opp i garderoben kvar dag, Og gir foreldra/føresette informasjon om innhaldet frå barnehagedagen som har vore.

Bilete

Personalet tek bilete av ulike hendingar, leik, aktivitetar og undring der barna har vore delaktig i løpet av barnehagedagen, slik foreldra/føresette får eit visuelt inntrykk frå barnehagekvardagen til barnet sitt.

Utstilling

Personalet heng opp og har utstilling rundt på avdelinga av produkt som barna har laga, slik barna kan få vise foreldra og vere stolt av produkta dei har laga.

Oppslagstavle

Denne heng i garderoben. Her vil det kome diverse informasjon om barnehagen, ulike arrangement barna blir med på og endringar i barnehagekvardagen.

Media

Barnehagen publiserer spesielle hendingar som barna har deltatt på i barnehagekvardagen i avisa. Personalet brukar og å publisere bilete og tekst frå det daglege pedagogiske arbeidet på facebook sida til dei kommunale barnehagane.



Korleis vurderar vi i Hareid barnehage:

Månadsbrev

Når vi leverer ut månadsplan, skriv pedagogen og ei oppsummering av kva vi har gjort månaden før og presentera nye mål som skal arbeidast med i den komande månaden.

Foreldresamarbeid

Foreldra/føresette kan til ei kvar tid kome med innspel på innhaldet i barnehagekvardagen. Med jamne mellomrom får foreldra/føresette delta på brukarundersøking.

Personalmøte, avdelingsmøte og leiarmøte:

Her blir månadstema, aktivitetar og gjeremål for månaden som gjekk vurdert og reflektert over for å betre kvaliteten på det pedagogiske arbeidet. Personalet reflekterer over eigen praksis, arbeider med utviklingsarbeid og kompetanseheving på desse møta.

Observasjonar, rettleiing og barnesamtalar

Personalet nyttar seg av dette til å vurdere eigen praksis, utviklingsarbeid og kompetanseheving i verksemda.

***VELKOMEN TIL
HAREID BARNEHAGE!***